STYRET SITT FORSLAG TIL VALGREGLEMENT

Generelt om val
Alle val som blir gjort, gjeld normalt for to år (§ 58.3) med verknad frå 1. august same år. Kven som er på val er avhengig av perioden dei er vald for på eit tidlegare årsmøte.

Alle val skal vera skriftlege, men møteleiar kan likevel, i samråd med årsmøtet, gjennomføra open avstemming dersom det er eit einstemmig forslag frå valkomiteen og ingen andre forslag føreligg. Det kan ikkje stemmast på andre enn dei kandidatane det er fremja forslag om. Stemmesetlar som inneheld andre namn, blir forkasta. Blank stemmesetel blir rekna som avgitt stemme.

Kandidatar som det er fremja forslag på, er:

1. Forslag frå valkomiteen (sak 6)
2. Forslag fremma av stemmeberettiga i forkant av valet.

1. Val av lokallagsleder (§ 58.1.6.1)
Lokallagsleiar er ikkje på val.

2. Val av nestleiar i lokallaget (§ 58.1.6.1)
Lokallagsstyret vel sjølv nestleiar når nytt lokallagsstyre konstituerer seg.

3. Val av hovudtillitsvald i verksemder på kommunenivå (§ 58.1.6.2)
HTV er ikkje på val.

Vara-HTV er på val. Valet blir gjennomført som særskilte val i eige valmøte under årsmøtet for årsmøtedeltakarar innanfor dei aktuelle medlemsgruppene/tariffområda. Det vil sei at berre medlem innanfor tariffområdet valet gjeld for, har stemmerett.

4. Val av medlem i lokallagsstyret (§ 58.1.6.3)
Her vel ein det talet på medlem av styret som står att etter val av leiar. Lokallagsstyret kan ha inntil 9 medlem (§ 61.2).

Målsetjinga er at alle medlemsgrupper blir representert (§15.2.1 og 15.2.2) og at ein jobbar for ein kvinneandel på 50% i organisasjonsledd med avgjerdsmakt (§15.1).

I Sirdal har kvar klubb eit medlem i styret. Dette er klubbleiaren (ATV) på kvar arbeidsplass. ATV har også personleg vara som gjeld som vara til både klubbleiarvervet og styrevervet. Val av ATV går føre seg på eit klubbmøte der val står på dagsorden.

Endring av valreglement for Utdanningsforbundet Sirdal blei gjort av årsmøtet i 2009 etter konsultasjon og godkjenning av fylkesleiinga.

5. Val av varamedlemmer til lokallagsstyret (§ 58.1.6.3)
Det blir vald 3 varamedlemmer i prioritert rekkefølge (§61.2).

6. Val av valkomité (§ 58.1.6.4)
Årsmøtet vel ein valkomité med minst 3 medlem (§64.1). Medlemmene av valkomiteen er ikkje på val dette året.